

Notat

Dato: 24.08.2016
Arkivsak: 2016/8300-5
Saksbehandlar: karklep2

Til: Den Regionale styringsgruppa for kompensasjonsmidler.
Sekretariat ved Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Frå: Kari Patricia Kleppe, spesialrådgiver seksjon for næring – og lokalsamfunn,
Regionalavdelinga

Søknad om støtte til benkeprosjekt i Moster Amfi. Kompensasjonsmidler i Hordaland 2016.

Søklar er Moster Amfi og Kyrkjehistorisk senter som er eigd av Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune.

Søknaden gjeld delfinansiering på 1,5 millionar kroner av totale kostnader på 6,6 millionar kroner til rehabilitering av amfiet og utskifting av benkene i Moster Amfi.

Benkeprosjektet starta i 2015 og vart ferdigstilt april 2016. Resultatet er auka komfort til publikum, lettare inntak av publikum grunna nummerering av benker og seter samt letta vedlikehald.

Prosjektbeskriving

Massen under scene og dei gamle benkene vart skifta ut, drenert og erstatta med grov singel. Heile amfiet støypt i avsatsar som fundament for benker med rygg montert av vedlikehaldsfritt materiale. Nummerskilt på alle plasser. Nye skiferheller på scene og trapper.

Moster Amfi vart bygd som eit uteamfi i ei nedlagd kalkgrue i 1983/84. I 1994/95 vart det bygd billettkontor, svalgong oppe bak amfiet, utstillinga "Frå heidendom til kristendom", kafé og ein fjellhall. Mostraspelet "Kristkongane på Moster" har vore spelt samanhengande i over 30 år, og har vorte sett av nærare 200 000. Dei mest kjende musikalane har vorte framførte dei seinare åra, Det er ulike konsertar og årvisse gudstenester og stemner.

I dag har det funksjon som eit regionalt kulturanlegg med omvisingar, kunstutstillingar, intimkonsertar, geologiseminar, opplevingsdagar, bedriftsbesøk, selskapsarrangement, konferansar og møter.

Moster Amfi er eit reisemål i seg sjølv med årleg 20-25000 besøkjande.

Grunngjevinga for dette er at prosjektet er eit viktig næringsretta utviklingstiltak relatert til reiseliv og turisme

Motteke 2,45 mill. kroner i offentlig støtte tidlegare:

Hordaland fylke :kulturbygg med regionale funksjonar kr 950 000, Unike regionale utviklingsprosjekt kr 1000 000 og Hordaland fylke budsjett 2015 kr 500 000. Bømlo kommune rev. budsjett 2016 kr 500 000

Resterande finansiering:

Fylkeskommunen har motteke sluttrekneskap pr. 26.04.2016 på kr 6 590 541 i samband med sluttutbetaling av tilskot frå Unike regionale utviklingsprosjekt. Finansieringsplanen er no endra frå å forventa mindre momsrefusjon samt redusert støtte frå Bømlo kommune samla ca 0,5 mill. kroner og forventa mindre finansiering gjennom ulik sponsorstøtte på ca. 1 mill. kroner. Dette er her søkt refinansiert gjennom å søkje tilsegn frå kompensasjonsmidlar.

Budsjett	søknad
Masseuttak og støyping	2 900 000
Treverk	1 690 000
Diverse	410 000
Drenering og skifer	500 000
Scene og trapper	850 000
Konsulent og prosjektleiing	250 000
SUM	6 600 000

Finansieringsplan	søknad
Bømlo komm.rev.bud 2016	500 000
HFK- kulturbygg m/reg.funksjonar	950 000
HFK-Unike reg. utviklingsprosjekt	1 000 000
HFK-budsjett 2016	500 000
HFK- kompensasjonsmidlar	1 500 000
Moms refusjonar (fått og forventa)	700 000
Finnås Kraftlag	455 000
Sparebanken Vest	250 000
SR-bankstiftinga	75 000
Sponsormidlar	670 000
SUM	6 600 000

Vurdering i høve til kriteria

Søkjjar har vore i dialog med bedriftene som er med i kompensasjonsordninga og dei støttar søknaden ut frå at prosjektet er eit viktig næringsretta utviklingstiltak relatert til reiseliv og turisme.

Vurdering ut frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2017 (HNNH). Under innsatsområde for reiseliv syner ein til: «Sikre lønsemda i reiselivsnæringa gjennom tiltak vedteke i Reiselivsstrategi for Vestlandet» og «Berekraftig destinasjonsutvikling».

Jamfør Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-20 så fell ikkje tiltaket inn under nokre av dei fem prioriterte innsatsområda i strategien.

Tiltaket fell derimot inn under tre av strategiens si 10 punkt for prioritering innan Berekraftig destinasjonsutvikling. Desse tre punkta er eitt under kvar av dei definerte sentrale områda: «**Bevaring av natur, kultur og miljø.** 1. *Kulturell rikdom* Å respektere, vidareutvikle og legge vekt på den historiske kulturarven i lokalsamfunnet, i tillegg til autentiske kultur, tradisjon og særpreg.

Styrking av sosiale verdiar. 8. *Gjestetilfredsheit og tryggleik; opplevingskvalitet* Å sørgja for trygge, tilfredsstillande og berikande opplevingar for alle turistar uavhengig av kjønn, rase,

Økonomisk levedyktigheit . 10. *Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsbedrifter*

Å sikre levedyktigheita og konkurransedyktigheita til reiselivsbedrifter i eit langsiktig perspektiv.

Som ei tydeleggjering av prinsippa kan det nemnast at ein konsekvens av for eksempel pkt. 8 er at ved all utvikling av reisemål på Vestlandet skal det m.a. takast omsyn til krav av universell utforming.

Reiselivet på Vestlandet er ei stor næring, og bidreg med nærare 30 mrd. kroner i verdiskaping, noko som kjem ulike næringar og samfunnet generelt til gode. Viktig er alle innsatsområde der det offentlege i samarbeid med næringa kan gjere direkte eller indirekte innsats for ei positiv reiselivsutvikling på Vestlandet.»

Vurdering ut frå plan for bruk av kompensasjonsmidlar.

Søklar og tiltak er forankra i Bømlo, søklar tilfredstillar krav om god gjennomføringsevne og søklar er innafor målgruppe som ein regional utviklingsaktør, her innan reiseliv og turisme.

Kreteria stiller krav til at midlane skal ha utløysande effekt. Dette kan ein ikkje hevda då prosjektet er realisert og søknaden slik gjelde eit avslutta prosjekt. Kompensasjonsmidlar kan heller ikkje nyttast til å erstatta anna finansiering.

Finansieringsplanen er endra etter slutføring av prosjektet 26.04.2016 der ca. 1,5 mill. kroner samla frå sponsorstøtte, momsrefusjon og løyving frå Bømlo kommune er her søkt refinansiert gjennom å søkje 1,5 mill. kroner frå kompensasjonsmidlar.

Under kreterier for kva tilskotet ikkje kan dekke står: «Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjektet.»

Sekretariatet rår til at søknaden ikkje vert stetta.